



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

ÅRSRAPPORT 2020

1. INNLEIING

Etter kommunelova § 23-1 er Vestnes kommune pålagt å ha eit kontrollutval. Utvalet er kommunestyret sitt kontrollorgan og skal på vegne av kommunestyret, førestå det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning.

Utvalet si uavhengige stilling i forhold til andre folkevalde organ og administrasjonen, er ivaretatt gjennom strenge krav til valbarheit.

2. UTVALET SI SAMANSETJING

Kontrollutvalet i Vestnes kommune har i 2020 følgjande samansetjing:

Navn	Funksjon	Parti
Inge Bergum*	Leiar	AP
Paul Hjelvik*	Nestleiar	PP
Torfinn Marken*	Medlem	SP
Marianne Frøland	Medlem	H
Margrethe Anundsen	Medlem	V

*medlem av kommunestyret

Varamedlemmer		
For felleliste SP/KRF/G	Funksjon	Parti
Svein Wiik	Vara	FRP
Arnhild Vestnes	Vara	H
For felleliste V/PP/AP/SV		
Geir Stokkeland	Vara	SV
Vidar Venås**	Vara	
Gayle Vestnes	Vara	PP

**Mari Karadash var valt til varamedlem, men ikkje valbar til kontrollutvalet då ho har jobb i Vestnes kommune. Kommunestyret oppnemnde i møte 26.2.2020, sak 15/20, Vidar Venås til 2.vara for grupperinga V/Pp/Ap/Sv til kontrollutvalet for perioden 2019 - 2023

Utvalsleiar Inge Bergum har hatt permisjon i 5 av 6 møter i 2020. Nestleiar Paul Hjelvik har i desse møta fungert som møteleiar.

Ordførar og oppdragsansvarleg revisor har møte- og talerett i utvalet sine møter.

3. SEKRETARIAT

” Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstillir utvalgets behov.”, jf. Kommuneloven § 23-7 1. ledd.

Kommunane Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Molde, Nesset, Rauma, Sunndal og Vestnes har frå 2004 hatt samarbeidsavtale om interkommunal sekretærfunksjon for kontrollutvala.

Kontrollutvalgsssekretariatet for Romsdal vart frå 2013 oppretta som eit interkommunalt samarbeid (IS) etter kommunelova § 27 med status som eige rettssubjekt og med eige styre.

Frå 1.1.2020 består samarbeidet av Aukra, Gjemnes, Hustadvika, Molde, Rauma, Sunndal og Vestnes kommunar. I 2019 godkjente kommunestyra nye vedtekter og valde å nytte overgangsordninga som kommunelova opnar for. Innan 2023 må samarbeidet velje ei anna organisasjonsform enn § 27.

Styret er samarbeidet sitt øvste organ og tek i vare arbeidsgjevaransvaret for sekretariatet sine tilsette. Stig Holmstrøm, Vestnes kommune, er vald til styreleiar og Oddveig Gikling-Bjørnå, Sunndal kommune, er valt til nestleiar.

I 2020 er sekretærfunksjonen for kontrollutvalet i Vestnes ivaretatt av dagleg leiar i Kontrollutvalgsssekretariatet for Romsdal, Jane Anita Aspen.

Sekretariatet skal påsjå at dei saker som skal behandlast av kontrollutvalet, er forsvarleg utgreidd, og at utvalet sine vedtak blir sett i verk, jf. kommunelova § 23-7 2. ledd.

4. OPPGÅVER OG VERKSEMD I 2020

4.0 Saksbehandling og møteavvikling

Kontrollutvalet har avvikla 6 møter og handsama i alt 41 protokollerte saker. Av dei er 8 saker sendt over til kommunestyret for endeleg handsaming, som fråsegn eller som referatsak. I tillegg er det i 2020 handsama 25 referatsaker og 5 orienteringssaker.

Kontrollutvalet sine møteprotokollar vert også lagt fram for kommunestyret som referatsak.

Kontrollutvalet sine møter vert halde for opne dører, hovudsakleg på kommunehuset. På grunn av pandemien vart 2 av møta i 2020 avvikla på Microsoft Teams.

Kontrollutvalet har på førespurnad fått orienteringar frå administrasjonen og revisjonen i saker som har vore til handsaming i møta.

Reglement for kontrollutvalet

Reglement for kontrollutvalet i Vestnes vart vedteke av kommunestyret i møte 3.10.2019, sak 96/2019.

Plan for Kontrollutvalet si verksemd 2020-2023

Kontrollutvalet utarbeidar plan for kontrollutvalet si verksemd for kvar valperiode. Planen vert utarbeidd av nytt kontrollutval i løpet av første år etter nytt val. Kommunestyret godkjente planen i møte 29.04.2020, sak 28/20. På denne måten vert kommunestyret involvert i å sette rammer for kontrollutvalet si verksemd i gjeldande valperiode. Plan for kontrollutvalet si verksemd 2020-2023 er ein overordna plan som blir konkretisert av kontrollutvalet i ein årleg arbeidsplan.

Konferansar/opplæring

Nestleiar Paul Hjelvik deltok på **NKRF¹ sin Kontrollutvalskonferanse 2020** på Gardermoen 29.- 30. januar 2020.

På grunn av pandemien har andre kurs og konferansar blitt avlyst.

4.1 Påsjå-ansvar over for revisjonen

¹ Norges Kommunerevisorforbund

Etter kommunelova § 23-2, skal kontrollutvalet påsjå at kommunen sine rekneskap blir revidert på ein forsvarleg måte.

Kommunestyret i Vestnes valde i møte 23.5.2019, sak 40/19, å inngå som deltakar i Møre og Romsdal Revisjon SA og valde samvirkeforetaket som revisor for kommunen. I vedtaket fekk kontrollutvalet mandat til å inngå oppdragsavtale med Møre og Romsdal Revisjon SA.

Kontrollutvalet i Vestnes godkjente oppdragsavtalen med MRR i møte 23.11.2020, sak 39/20. I avtalen vert det m.a. føresett at revisjonen legg til rette for at kontrollutvalet kan oppfylle sitt påsjå-ansvar overfor revisjonen. I dette ligger det at revisjonen skal rapportere til kontrollutvalet frå sitt arbeid og ha eit kvalitetssystem i samsvar med lov og revisjonsstandardar.

Anne Oterhals er oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor for Vestnes kommune.

Utvalet har i 2020 fått framlagt følgjande:

- **Rekneskapsrevisjon – Rapport frå interimsrevisjon 2019**
- **Presentasjon årsoppgjer 2019**
- **Kommunikasjons-/revisjonsplan 2020**
- **Revisor sin vurdering av uavhengigheit**
- **Revisjonsberetning for Vestnes kommune**

I tillegg har kontrollutvalet i møte i møte 31.8.2020, sak 29/20, behandla ein systematisk gjennomgang av revisjonen sitt arbeid. Dette blir gjort årleg. Vurderinga vart gjennomført med bakgrunn i Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt påsjå-ansvar for regnskapsrevisjon.

- **Vurdering av kontrollutvalet sitt påsjå-ansvar for rekneskapsrevisjon – revisjonsåret 2019.**

Dokumenta er supplert med munnleg orientering frå oppdragsansvarleg revisor.

4.2 Fråsegn til rekneskapen

Kontrollutvalet sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon følgjer forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3.

Utvalet har handsama og vurdert årsrekneskapen for 2019 for **Vestnes kommune**, og gitt si fråsegn til denne.

Utvalet har handsama og gjeve fråsegn til **prosjektrapport/sluttrekneskap for Tomrefjord idrettsbygg**. Det vart i fråsegna oppmoda om at fleire området vert forbetra i framtidige prosjekt.

Utvalet har også fått seg førelagt kommunen sine kvartalsvise økonomirapportar. Under handsaming av økonomirapport for 1. halvår 2020, som vart framlagt for kontrollutvalet til orientering i møte 19.10.2020. Gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

Kontrollutvalet oppmodar administrasjonssjefen om ved rapportering også gje ei årsprognose for investeringsbudsjettet.

Kontrollutvalet oppmodar til at det ved kvartalsrapporteringane vert nytta obligatoriske rekneskjema, der det også vert lagt inn ei kolonne for prognose

Kontrollutvalet har fått seg førelagt som orienteringssak den årlege skatterekneskapen frå skatteoppkrevjar saman med Skattefuten sin kontrollrapport med skatteoppkrevjarfunksjonen.

Dette er siste året ein vil få slik årsrapport/kontrollrapport for skatteoppkrevjinga i kommunen. Skatteoppkrevjarfunksjonen er overført til Skatteetaten frå 1. november 2020.

4.3. Nummererte brev

I kommunelova § 24-7, er det krav om at revisor i brev skriftleg skal påpeike nokre forhold overfor kontrollutvalet. Det er lista opp sju forhold som krev slik rapportering. Regelen er ikkje til hinder for at revisor sjølv vurderer om det er andre forhold som også bør rapporterast til kontrollutvalet.

Kontrollutvalget har ikke mottatt nummererte brev i 2020.

4.4 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

Rekneskapsrevisor skal sjå etter om kommunen si økonomiforvaltning hovudsakleg skjer i samsvar med reglar og vedtak. Revisor skal seinast 30. juni gje ei skriftleg fråsegn til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren om resultatet av kontrollen, jf.

Kommunelova § 24-9.

Den nye lova trådte i kraft frå 1.1.2020 og reglane knytt til rekneskap, gjeld frå og med rekneskapsåret 2020. Det var likevel bestemt at det skulle gjennomførast ein forenkla etterlevingskontroll for 2019, men då med enklare saksgang og risikovurdering.

Det vart i 2020 gjennomføre forenkla etterlevingskontroll **på Berekning av tilskot til private barnehagar.**

Revisor fann at Vestnes kommune ikkje hadde vedteke satsar for tilskot for 2019 innan fristen som var 31.10.2018. I tillegg kom revisor med nokre tilrådingar om forbetringar, som kommunestyret vedtok å rå administrasjonssjefen til å følge opp.

4.5 Forvaltningsrevisjonsrapportar

Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon følger kommunelova § 23-3.

Det er utarbeidd **Plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2023**, som vart handsama av kontrollutvalet i møte 31.8.2020, sak 27/20 og endeleg vedteke av kommunestyret i møte 17.09.2020, sak 76/20:

1. *Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Vestnes kommune sin Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2023, med følgjande tema:*
 - *Offentlege anskaffingar*
 - *Barnevern*
2. *Kontrollutvalet gjennomfører ein avgrensa kontroll for å vurdere om det er behov for å gjennomføre forvaltningsrevisjon i nokon av kommunen sine selskap eller interkommunale samarbeid. Om kontrollen viser eit slikt behov, kan kontrollutvalet velje å prioritere å gjennomføre forvaltningsrevisjon i planperioden.*
3. *Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere rekkefølga mellom tema som er omtala i planen.*
4. *Dersom det oppstår noko uføresett i planperioden, kan kontrollutvalet prioritere andre områder for forvaltningsrevisjon.*

Kontrollutvalet behandla rapporten i møte 26.06.19 sak 21/19 Forvaltningsrevisjonsrapport «**Hjemmetjenesten Vestnes kommune**» og sendte straks over til endeleg vedtak i kommunestyret. Kommunestyret behandla ikkje saka før i møte 30.01.20 sak 8/20. Det vart fatta følgjande vedtak:

- 1) *Vestnes kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten «Hjemmetjenesten i Vestnes kommune» til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar:*
 - *Vestnes Kommune skal sikre at hjemmetjenesten har nødvendig informasjon om brukere og at denne oppdateres fortløpende.*
 - *Kommunen skal sikre bedre kommunikasjon innad i hjemmetjenesten.*
 - *Kommunen skal sikre at tjenesteyterne registrerer alle tilleggstenester som blir gitt hjemme hos brukar.*
- 2) *Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.*

- 3) Kommunestyret ber administrasjonssjefen vurdere om heimetenesta er tenleg organisert, m.a. vurdere korleis nærleiken for tenesteytarane til leiar kan bli betre.
- 4) Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte i februar 2020.

Kontrollutvalet fekk presentert administrasjonssjefen sin plan for oppfølging av tilrådingane i møte 19.2.2020. Utvalet vil få ein statusrapport for oppfølginga i første møte i 2021.

Kontrollutvalet i Vestnes har ikkje bestilt nye forvaltingsrevisjonsrapportar i 2020. Kontrollutvalet i Molde kommune har bestilt forvaltningsrevisjon av **Barnevernstenesta i Molde, Aukra og Vestnes**. Barnevern er prioritert på Vestnes kommune sin Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023. Molde kommune er vertskommune for tenesta. Det er kontrollutvalet i vertskommunen, som har ansvar for gjennomføring av forvaltningsrevisjonar. Rapporten vil også bli lagt fram for kontrollutvalet i Vestnes. Rapporten skal etter planen vere ferdig til april 2021.

4.6 Eigarskapskontroll

Kontrollutvalet sine oppgåver ved eigarskapskontroll følgjer av kommunelova § 23-4.

Det er utarbeidd **Plan for selskapskontroll 2020-2023** som vart handsama av kontrollutvalet i møte 31.8.2020, sak 28/20 og endeleg vedteke av Vestnes kommunestyre 17.09.2020, sak 77/20.

Planen seier følgjande:

Kontrollutvalet gjennomfører ein avgrensa kontroll i kommunen sine selskap i form av utsending av eit kartleggingsskjema

Kontrollutvalet får delegert mynde til å avgjere om det skal gjennomførast eigarskapskontroll, på bakgrunn av funn i kartlegginga.

Dersom kommunestyret ikkje får framlagt årsmeldingar og rekneskap for selskap kommunen har eigarskap i, så skal administrasjonssjefen sikre at desse vert lagt tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Eigarskapsmelding for Vestnes kommune vart vedteke av kommunestyret i møte 21.10.2010 i k-sak 76/2010. I ny kommunelov er det kome eit krav om at kommunar skal minst ein gang i valperioden skal utarbeid ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Det er sett krav til kva eigarskapsmeldinga skal innehalde:

- Kommunen sine prinsipp for eigarstyring
- Oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesse i
- Kommunen sitt føremål med sine eigarintesser.

Eigarskapsmelding er eit viktig styringsverktøy for kommunestyret, for kommunen sine representantar i selskapa, og for kontrollutvalet sitt arbeid. Kontrollutvalet vil oppmode om at dette arbeidet vert prioritert.

Kontrollutvalet har i 2020 ikkje bestilt eller gjennomført noko eigarskapskontroll.

4.7 Innsyn og undersøkingar i selskap o.l.

Med heimel i kommunelova § 23-6 kan kontrollutvalet krevje dei opplysningar som er naudsynte for å gjennomføre sin kontroll, frå IKS, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefelleskap og AS der kommunen aleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller IKS direkte eller indirekte eig alle aksjar.

Kontrollutvalet skal varslast om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarende organ og har rett til å vere til stades i disse møta.

Kontrollutvalet har i 2020 mottatt protokollar frå styremøter og representantskapsmøter i ÅRIM. I tillegg har kontrollutvalet vorte varsla om generalforsamlingar i Vestnes Energi AS. Ingen andre selskap har varsla.

4.8 Særskilte oppgåver for kontrollutvalet

Kontrollutvalet sine særskilte oppgåver følgjer av Forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 2 og 8, samt kommunelova § 23-7.

Kontrollutvalet si rolle i fastsetjing av budsjett for kontrollarbeidet

Kontrollutvalet skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følgje innstillinga til årsbudsjettet etter kommunelova § 14-3 tredje ledd til kommunestyret.

Ansettelse, suspensjon, oppsigelse og avskjedigelse av revisor

Kontrollutvalet innstiller i slike saker til kommunestyret.

Sekretariat

Kommunestyret vel sjølv sekretariat for kontrollutvalet etter innstilling frå kontrollutvalet.

4.9 Oppfølging av politiske vedtak

Kontrollutvalet skal følgje opp at administrasjonen set i verk og gjennomfører dei vedtak som er gjort av dei ulike politiske organ.

I Vestnes kommune rapporterer administrasjonssjefen på ein god måte til kommunestyret om oppfølging av politiske vedtak. I driftsrapportane vert det rapportert om vedtak som ikkje er gjennomført. Oversikta viser både status og informasjon om vidare framdrift.

4.10 Oppfølging av kontrollutvalet sine saker

Saker frå kontrollutvalet som ikkje er endelig avslutta pr. 31.12.2020 er følgjande:

Sak nr / dato	Sakstittel	Vedtak	Merknad
KU sak 40/20 23.11.2020	Oppfølgingsliste	I oppfølgingslista er følgjande saker ikkje avslutta: <ul style="list-style-type: none">▪ Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma▪ Innkjøp og offentlege anskaffingar▪ Forvaltningsrevisjonsrapport «Hjemmetjenesten Vestnes kommune»▪ Rapport frå tilsyn i Vestnes kommune med helsetenester til personar som har ei utviklingshemming 2019▪ Tilsyn med kommunal beredskap▪ Vestnes ressurscenter	Attståande saker frå oppfølgingslista for 2020 vert overført til oppfølgingsliste for 2021.

4.11 Spesielle undersøkingsoppgåver

Kontrollutvalet hadde i 2020 ingen saker knytt til økonomisk utruskap eller andre forhold som kan tyde på alvorlege brot på reglar.

4.12 Verksemdsbesøk

For å bli kjent med den kommunale forvaltninga og for at tilsette i kommunen skal bli kjende med kontrollutvalet, kan kontrollutvalet besøke ei verksemd eller alternativt kan ein einingsleiar inviterast til å gje ei orientering om si eining. Gjennomføring av verksemdsbesøk, eller ei slik orientering, gir kontrollutvalet eit godt innblikk i den kommunale forvaltninga.

Koronapandemien har vanskeleggjort gjennomføring av verksemdsbesøk for kontrollutvalet i 2020. Utvalet har i 2020 ikkje hatt orienteringar knytt til særskilte einingar i kommunen. Utvalet har likevel prioritert fleire orienteringar frå administrasjonen knytt til risikoområder i kommunen til dømes; Innkjøp og offentlege anskaffingar; nytt personvernregelverk; og vassforsyning i Vestnes kommune.

4.13 Sentrale kommunale styringsverktøy

Ei av kontrollutvalet sine oppgåver er å undersøke om kommunen har etablert ein forsvarleg og føremålstenleg internkontroll.

Administrasjonssjefen har ansvar for å etablere og følgje opp at kommunen har eit tilfredsstillande internkontrollsystem; dvs. system og rutinar for å sikre tilstrekkeleg styring, måloppnåing og regeletterleving. Alle vesentlege rutinar bør være skriftleg dokumentert med omsyn til korleis dei fungerer, og kva internkontroll som ligg inne i systema.

Vestnes kommune har følgjande sentrale styringsverktøy:

- ❖ **Økonomireglement og finansreglement for Vestnes kommune** (vedtatt 15.10.20, sak 98/2020)
- ❖ **Delegeringsreglement for Vestnes kommune 2020-2024** (vedtatt 16.12.20, sak 127/2020)
- ❖ **Eigarskapsmelding for Vestnes kommune** (vedtatt 21.10.2010 i k-sak 76/2010)
- ❖ **Etiske retningslinjer for Vestnes kommune** (vedtatt 29.3.2012, sak 31/2012)
- ❖ **Risk manager – kommunen sitt elektroniske kvalitetssikringssystem**

Eit økonomireglement skal mellom anna dekke områda budsjettdelegasjon, attestasjon og anvising, rapporteringsrutinar og delegert avgjerdsmynde. Finansreglementet regulerer plassering av ledig likviditet, langsiktige finansielle aktiva og forvaltning av gjeldsportefølja til kommunen.

Kvalitetssystem og internkontroll er eit tema som både førre og noverande kontrollutval har følgd opp. Heilt sidan 2013 er det gjeve statusrapportar frå administrasjonen til utvalet om innføring av det elektroniske kvalitetssikringssystemet. Det har vist seg at administrasjonen har hatt utfordringar med å få implementert systemet. Ved siste rapportering 19.2.2020, valde kontrollutvalet på bakgrunn av orienteringa, å avslutte saka. Utvalet stilte mellom anna spørsmål om det er tilfredsstillande bruk av systemet. Administrasjonssjefen opplyste at det alltid vil vere nokon i ein stor organisasjon som ikkje brukar systemet, men at alle har fått informasjon og at alle leiarar har fått opplæring.

4.14. Tilsyn frå andre

Det er fleire eksterne forvaltningsorgan tilsyn med Vestnes kommune, for eksempel fylkesmannen, helsetilsynet, arbeidstilsynet og arkivverket.

Desse tilsyna kan avdekke avvik eller svakheiter i den kommunale organiseringa og utøving av tenesteproduksjonen.

Ein ser det føremålstenleg at kontrollutvalet vert orientert om slike tilsyn, for å kunne følgje opp at den samla tenesteproduksjonen i Vestnes kommune vert kvalitetssikra og forbetra.

Kontrollutvalet har i 2020 fått seg førelagt følgjande tilsynsrapportar:

- **Rapport frå tilsyn i Vestnes kommune med helsetenester til personar som har ei utviklingshemming 2019**, (2 lovbrøt) rapport frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 11.3.2020.
- **Tilsyn med kommunal beredskap** (1 lovbrøt), rapport frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal til Vestnes kommune datert 10.7.2020.

Kontrollutvalgssekretariatet har i 2020 deltatt på to digitale møter organisert frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, der fokus har vore på samordning av statlege tilsyn og forvaltningsrevisjonar. Fylkesmannen har i følgje kommunelova eit samordningsansvar for dette. Frå 2020 er det oppretta ein eigen Tilsynskalender der alle planlagde og gjennomførte tilsyn frå alle statlege tilsynsorgan vil blir samla. Kalenderen skal etter planen også innehalde oversikt over forvaltningsrevisjonar frå kontrollutvala.

5. SAMANDRAG

Kontrollutvalet legg vekt på å vere ein nyttig medspelar i å forbetre kommunen si eksterne tenesteproduksjon og myndeutøving, så vel som interne kontroll- og forvaltningsfunksjonar. Kommunen er avhengig av tillit til desse prosessane hos brukarane og innbyggjarane. Ein aktiv og truverdig tilsyns- og kontrollfunksjon kan medverke til å bygge opp om denne tilliten.

Utvalet sitt arbeid krev at medlemmene er aktive og set seg inn i til dels kompliserte saker som kan gjelde heile verksemdsområdet til Vestnes kommune.

Kontrollutvalet har i 2020 motteke fleire innspel frå innbyggjarar til saker utvalet bør sjå nærare på.

Som kommunestyret sitt hjelpeorgan i kontrollarbeidet er kontrollutvalet sitt virke avhengig av å ha legitimitet i kommunestyret, mellom anna for å få gjennomslagskraft for forbetningsforslag og tilrådingar og dermed kunne hjelpe til i arbeidet for at kommunestyret sine målsetjingar vert realisert.

Vestnes, 1. februar 2020
Kontrollutvalet i Vestnes kommune

Paul Hjelvik
nestleiar

Torfinn Marken
medlem

Marianne Frøland
medlem

Margrethe Anundsen
medlem

Geir Stokkeland
varamedlem